

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 18/2022
REGULERING AV FISKET ETTER NORDSJØSILD
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening meiner at kvotefordelinga, mellom dei ulike fartøya, må vera klar frå nyttår. Det same gjeld eventuell soneadgang i UK.

Per 21.10. er det ikkje inngått avtale, mellom Noreg og UK, om soneadgang. Dersom det blir inngått ein slik avtale før nyttår må fordelinga mellom fartøya vera klar frå nyttår.

Hausten 2021 blei det avtalt soneadgang, mellom Noreg og UK, for 2022.

Likevel fatta ikkje direktoratet naudsynt forskrift før i mars. Dette gjorde at norske båtar ikkje hadde lov til å fiska nordsjøsil i UK før i mars. Etter kva me forstår var årsaka til denne forseinkinga på norsk side.

Dette er uheldig då det er fleire båtar som fiskar nordsjøsil i januar.

Pelagisk Forening ber difor om at eventuell soneadgang i UK blir fordelt, på fartøynivå, alt frå 1.1.23.

I år har det vore godt fiske i norsk farvatn. I haust blei difor resterande norsk kvote mindre enn resterande soneadgang. Pelagisk Forening leverte fleire oppmodingar om å «refordela» soneadgangen i UK, men dette tok tid.

Dersom det same skjer seinare år bør direktoratet automatisk opna for at alle fartøy kan fiska dei resterande kvote i UK.

Pelagisk Forening meiner at reguleringsmodellen som har vore dei siste åra har fungert godt. Pelagisk Forening ser heller ikkje behovet for å auka overreguleringa i den minste flåten.

Bergen: 24.10.22

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar